

Referat frå elevråd 19.08.25

Til stades:

8A: Jafet, vara : Sofie B

8B: Frida, vara : Aliana

9A: Thomas, vara : Marlen

9B: William, vara : Victor

10A: Elen, vara: Ena

10B: Lina, vara : Emely

Grete Reppe Håland

Sak1. Elerådet sin rolle på skulen

Som representant i Elevrådet er de klassen sin stemme inn i Elevrådet. De skal fremja elevane sine interesser og vera eit bindeledd mellom elevane og leiinga på skulen. Elevrådet jobber med at det skal vera eit godt lærings- og skulemiljø. Leiar og nestleiar deltek på møter i FAU/SU.

Sak 2 Elevrådet sine utsegner på høyringa frå Time kommune ang. Digital praksis i oppvekst

Digital teknologi har ein stor betydning til livet til born og unge som veks opp i dag. Time kommune har utarbeida ein plan for korleis ein skal møte ulike utfordringar med digital teknologi, men og nokre føringar for korleis me i praksis skal jobba med digital praksis i kommunen. Elerådet er bede om å uttala seg i fht korleis den digitale praksisen skal vera i oppvekst.

Digital praksis i oppvekst

Dette meiner Elevrådet ved Lye ungdomsskule:

Digital tryggleik

Elevane meiner at det er positivt og godt at nokon har det overordna oppsynet med iPadane. Dei føler seg då tryggare. Dei gjev uttrykk for at dei er nøgd med dei appane dei har. Dei ønskjer **ikkje** at Youtube blir fjerna, då dei nyttar seg av denne i opplæringa td ved å leggja til filmar om emne dei jobbar med.

Dumt at elevane frå 1.-4. trinn ikkje skal ha med seg iPadane heim då det er mange gode læringsrike apper på iPaden. Samstundes ser dei og at det er positivt at den ligg på skulen. Det vil då bli mindre slitasje på iPadane / større terskel for at dei blir øydelagd og ein veit heilt sikkert at den ikkje blir nytta til andre formål.

Dei er einige om at iPadane på ungdomstrinnet skal oppbevarast på skulen i sommarferien. Då dei ikkje har behov for den sidan den kun skal nyttast til læring.

Skjermbruk

Elevane er einig med tiltaka. Dei er likevel tydeleg på at skjermbruk i heimen er ein privatsak og at det er føresette sitt ansvar. Likevel ser dei nytten av at nokon føresette kan ha behov for å søkja hjelp/støtte om noko er utfordrande.

Psykisk helse

Elevane er nøgd med at det blir jobba med førebyggjane tiltak som at politiet gjennomfører opplegg om deling av bilete og konsekvensar og at dei har oppstartsamtale med helsesjukepleiar. Saman med Olweus meiner dei at desse tiltaka har ei førebyggjande effekt.

Sak 3. Friminuttsaktivitetar

Frå lærarane si sida har det kom inn forslag om desse friminuttsaktivitetane: teikning om måndagane, hobbygruppa om tysdag og torsdag, digital spelegruppe om tysdagane og spel om fredagane. Elevrådsrepresentantane tek dette opp med klassane sine.

Sak 4. Val av leiar og nestleiar i Elevrådet 2025 – 2026 :

Frida 8B og Lina 10B var dei to elevane som fekk flest stemmer. Dei har delt rollene seg i mellom og blitt einige om at Lina 10B blir leiar og Frida 8B blir nestleiar.

Sak 5 Eventuelt

Desse sakene kom inn frå 9. trinn, men det blei for lita tid å svara på spørsmåla. I tillegg gjeld nokre av desse sakene kun 9. trinn. Me kjem til å snakka meir om desse innspela på neste Elevråd. Saker som kun gjeld 9. trinn får dei tilbakemelding på i klassane.

- få vekk reglar på 9. trinn i fht strenge reglar når dei et mat
- vekk med doreglane på 9. trinn
- opplåste dører til garderoben i friminutt, slik at dei kan gå på toalett
- meir tur
- lov til å bruka el-køyretøy på tur
- vekk på kart over skuleområdet
- rom for at dei kan gjera meir lekse på skulen
- få lov til å ha tyggis på skulen

Referent

Grete Reppe Håland

Skulen sin kontaktperson for Elevrådet

